



Aust –Agder fylkeskommune  
e-post

**Setesdalsamarbeid**

Bykle, Valle, Bygland,  
Eyje og Hornnes

Vår ref.:

2016/61-4

Sakshandsamar:

Signe Sollien Haugå  
ssh@setesdal.no

Dato

10.11.2016

## HØYRINGSUTTALE - REGIONREFORMA - AGDER EIN NY REGION? - SETESDAL REGIONRÅD

Setesdal regionråd har ikkje sterke synspunkt på om det blir eitt Agder eller ikkje. Ein er derimot oppteken av det blir balansert vekst og utvikling i alle delar av Agder.


Ein er uroleg for at spesialiserte tenester berre blir samlokaliserte til byane med god vekstkraft – og at ein ikkje har vektlagt å ta grep for å legge funksjonar/kompetansmiljø til distrikta i tingingane. Difor oppmodar vi sterkt til at ein sikrar etablering av «avstandsuavhengige» funksjonar - og legg slike kompetansmiljø - til distrikta som er utanfor pendlaravstand til Kristiansand og Arendal. Setesdal regionråd ventar lovnader om fagmiljø t.d. på område med naturleg tyding/tyngde her - som fagmiljø innafor energi/klima, miljø, natur- og ressursforvaltning, kulturarv, reiselliv – og/eller at nye statlege verksemder blir lagt til Setesdal i samband med slutt-tingingane.

Vidare etterspør ein ambisjonar og konkretisering av «samfunnsutviklaroppdraget» - og kva ein vil leggje opp for å understøtte «komparative fortrinn» i ulike delar av Agder. Ein set stor pris på samhandlinga med Aust-Agder fylkeskommune og håper at den regionaliserte dialogen gjennom regionsamarbeida blir vidareført og vidareutvikla som modell for fleire – med politisk og administrativ representasjon og aktiv deltaking. I denne konteksten håper at ein at det blir teke grep som tilfører virkemiddel og ressursar for å skape endå meir dynamikk i ulike delar av Agder – og som både ivaretek heilskap og ulikskap.

Regionrådet understrekar at ein ikkje kan akseptere at det blir lagt opp til avviking av tidsavgrensa avtaler for fordeling av konsesjonskraft. Ein ser det som rimeleg at ein rettmessig del av tilførte vasskraftøkonomi til landsdelen blir varig øyremerka til regional utvikling i områda der verdiskapinga finn stad – og der ein i dag ikkje har same føresetnader for vekstkraft som i byane.

Ein syner elles til styresak 98/16 som utdjupar desse synspunkta.

Med helsing  
Setesdal Regionråd



Jon-Rolf Næss  
styreleiar



Signe Sollien Haugå  
dagleg leiar

Vedlegg: samla saksframstilling styresak 98/16